

**Notat**Dato: 05.08.2019  
Arkivsak: 2019/15172-2  
Saksbehandlar: ingsetr

---

<b>Til:</b>	Utval for kultur, idrett og regional utvikling Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Statusrapport for LivOGLyst-programmet i 2019****Bakgrunn**

Rokkanrapporten «Perspektiv på bygdeutvikling» frå 2005 peika på behovet for ei meir samla og varig satsing på lokalsamfunnsutvikling i Hordaland. Konklusjonen var basert på at utviklingsarbeidet i Hordaland hadde vore for sprikande og fragmentert, der Fylkesmannen si landbruksavdeling dreiv bygdeutvikling, Innovasjon Norge dreiv bedriftsutvikling og Hordaland fylkeskommune dreiv litt av alt. Tiltrådinga var difor å utvikle *eit felles partnerskapsprogram* som samla ressursar og verkemiddel på tvers av forvaltnings- og utviklingsinstitusjonane.

Forskarane peika vidare på at *utviklingsarbeid tar tid*. Anbefalinga var difor å utvikle eit vedvarande program med trinnvis støtteordning, der lokale utviklingsprosjekt som vart støtta for å kome i prosess vart guida vidare i verkemiddelapparatet for å få hjelp og støtte til å slutføre sine verdiskapingsprosjekt.

Eit tredje viktig punkt i Rokkanrapporten var at lokale utviklingsaktivitetar ofte skjedde utan særlig god kontakt og forankring i kommunane. Tvert om var utviklingsprosjekta ofte utforma som ein allianse mellom lokalsamfunna og fylkesnivået, medan kommunen sat på sidelinja utan å vere ein aktiv part i utviklingsarbeidet. Dermed vart utviklingsaktørane ofte avskorne frå lokal støtte og viktige ressursar dei kunne dratt nytte av i utviklingsarbeidet.

Program for lokalsamfunnsutvikling, seinare kjent som LivOGLyst-programmet, vart vedteke av Fylkesutvalet i februar 2006 som ei ny tilskotsordning til lokalsamfunnsutvikling i Hordaland. Målet var å stimulere til utviklingsretta prosjekt der det vert bygd opp under lokalt engasjement i lokalsamfunn og kommunar.

Rokkanrapporten danna det organisatoriske grunnlaget for LivOGLyst-programmet som vart etablert i 2007 som

- Ein partnerskap mellom Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge Hordaland og Hordaland Fylkeskommune
- Ei langsiktig programsatsing med trinnvis støtteordning
- Ei satsing der kommunen måtte spele ei aktiv rolle

I tillegg vart LivOGLyst-satsinga utvikla med utgangspunkt i nedanifrå-og-opp utviklingstradisjonen. Nokre av dei viktigaste prinsippa var:

- Utvikling må skje nedanifrå og vere basert på bruk av egne ressursar

- Lokal utvikling må skje i inkluderande og kollektive prosessar
- Verdiskaping må skje på brei front – økonomisk, sosialt og kulturelt
- Utviklingskraft føreset brei lokal forankring og eit forpliktande samarbeid mellom eldsjelar, frivillige og offentleg sektor

Den 18. april 2007 vart partnarskapsavtalen mellom Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune underteikna. Jamfør denne avtalen skulle LivOGLyst-programmet vere eit spleiselag og eit samarbeid mellom den regionale partnarskapen. Det vart etablert ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe frå det regionale verkemiddelapparatet med prosjektleiar i fylkeskommunen.

LivOGLyst-programmet vart lagt ned i 2013, men vart tatt opp igjen som ei satsing frå 2014 i henhold til budsjettvedtaket i fylkestinget.

### **Føresetnadar og vilkår for deltaking i LivOGLyst-programmet**

LivOGLyst-programmet er eit program og nettverk for dei som ønskjer å utvikle lokalsamfunnet sitt. Kvart år vert det sendt ut invitasjon til alle kommunar i Hordaland om å søkje opptak til programmet. Aktuelle søkjarar er lag og organisasjonar.

Prosjekt som deltek i programmet får tilgang til nettverk, kurs, rettleiing og innsikt i prosjektmetodar. Økonomisk tilskot er ein del av programmet. Eittårige forprosjekt vert tildelt finansiell støtte for eitt år, kr 50 000. Treårige hovudprosjekt får finansiell støtte for tre år, kr 300 000.

Ein føresetnad for opptak til programmet er at kommunen stiller med ein kontaktperson. For treårige prosjekt skal kommunen bidra med kr 90 000 (30 000 årleg). Deltaking i LivOGLyst-nettverket er ein obligatorisk del av LivOGLyst-programmet.

### **Årlege aktiviteter i programmet**

#### Prosjektleiar i HFK

Prosjektleiar arbeider kontinuerlig med rettleiing av prosjekt, det er per dags dato 20 aktive prosjekt. Prosjekta rapporterer til prosjektleiar når dei anmodar om utbetaling i tillegg til at dei leverer ein utfyllande rapport ved prosjektavslutning. LivOGLyst er organisert på seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling og nærings sjefen vert rådført og orientert om utviklinga i prosjekta.

#### LivOGLyst-arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa møtast jamleg for å samarbeide om årlege aktiviteter i programmet. I tillegg deltek arbeidsgruppa på vitjingar til prosjekt og i handsaminga av nye søkjarar.

#### LivOGLyst-konferansen

I september kvart år arrangerast Lokalsamfunnskonferansen LivOGLyst. Denne vert arrangert som ein gratis og open arena for alle med interesse for lokalsamfunnsutvikling, frivillige og tilsette i kommunar. På konferansen får deltakarane fagleg påfyll om tema som er viktig for lokalt utviklingsarbeid og informasjon om korleis ein søker opptak til LivOGLyst-programmet.

#### Opptak av nye prosjekt

Opptak til LivOGLyst-programmet skjer årleg med søknadsfrist i oktober. Søknadane vert tatt opp til prekvalifisering og søkjarane vert rettleia av arbeidsgruppa. Endeleg innstilling av søkjarar skjer i november. Ein tar sikte på å ta opp fire eittårige forprosjekt og tre treårige hovudprosjekt (tidligere eittårige prosjekt) kvart år. Prosjekt som ikkje møter vilkåra for opptak kan bli tatt opp som assosierte prosjekt, det vil sei at dei vert inviterte med i nettverket utan at dei mottek finansiering.

### Årleg nettverkssamling

I februar kvart år vert det arrangert nettverkssamling for nye og gamle LivOGLyst-prosjekt. Samlinga vert arrangert hos eit LivOGLyst-prosjekt som er i sluttfasen slik at prosjekta kan sjå kva andre har fått til i løpet av ein fire års periode. På samlinga vert det høve for nettverket å dele erfaringar og verte kjent. Det finst også ei aktiv gruppe på Facebook for nettverket. Vi ser at prosjekta er ivrige etter å dele erfaringar og samarbeide med kvarandre og at dette gir gode resultat.

### Arbeidsgruppa vitjar prosjekt

Ettersom LivOGLyst er ei langsiktig satsing og ein eigen metodikk er rettleiing og oppfølging frå LivOGLyst-arbeidsgruppa er ein viktig del av programmet. Kvar vår reiser arbeidsgruppa på vitjing til nye prosjekt. Eittårige prosjekt vert først prioritert slik at dei kjem raskt i gang med breie mobiliseringsprosessar. I tillegg skal treårige prosjekt vitjast det første og det tredje året i prosjektperioden.

### **Økonomiske rammer**

LivOGLyst-programmet vert budsjettert med kr 1 000 000 kvart år. Av desse vert 500 000 tildelt direkte til nye prosjekt. Resterande kr 500 000 er driftsmidlar som nyttast til årleg konferanse, nettverkssamling og reiser for arbeidsgruppa.

I tillegg finansierer fylkeskommunen prosjektleiar i 60 prosent stilling. Fylkesmannen i Vestland og Innovasjon Norge Vestland bidreg med lønnskostnader i arbeidsgruppa.

### **Gode døme**

Målet med eit LivOGLyst-prosjekt er å utvikle attraktive og livskraftige lokalsamfunn der bulyst, trivsel og grunnlag for næringsutvikling står sterkt.

Gjennom åra som har gått har dei fleste kommunar i Hordaland hatt eitt eller fleire lokalsamfunn som har vore LivOGLyst-prosjekt. Alle prosjekta har vore prega av lokalsamfunna sin særskilte identitet og lokale behov. Medan nokre LivOGLyst prosjekt har satsa sterkt på næringsutvikling og arbeidsplassar lokalt, har andre prosjekt hatt auka fokus på å skapa trivsel, bulyst og kulturtilbod. Til dømes har Kulturbygda Valestrand nytta komponisten Fartein Valen til opne arrangement og konserter som er opne for alle innbyggjarane. Gjennom desse samlingane arbeider dei også med mobilisering der dei utforskar kva ressursar som er bygda og kva ein kan arbeide meir med.

To prosjekt som har satsa sterkt på reiseliv var LivOGLyst i Fedje og i Modalen. Fedje sitt prosjekt, «Nytt liv i hamna» arbeide mot å skape aktivitet i hamna med varehandel, drivstoffstasjon og kabelferje. I seinare tid vart det oppretta ei direkte båtrote mellom Bergen sentrum og Fedje. I Modalen har dei arbeidd aktivt med å få opp overnattingstilbod, tilby guida turar og dei har skaffa utsalsstad for lokale næringsdrivarar som sel lokale matvarer og bakst etter gamle tradisjonar. Også i Samnanger der LivOGLyst-prosjektet reduserte i at samvirkelaget Laga på Bjørkheim vart starta opp, sel dei lokale produkt slik at lokale aktørar får vist seg fram.

Gjennom LivOGLyst-programmet har også lokale eldsjelar fått kompetanse kring korleis dei arbeider med utviklingsprosjekt. Hordaland fylkeskommune har bidrege med rettleiing og tilskot gjennom Unike regionale utviklingsprosjekt for at prosjekta skulle verte realisert. På Hellesøy i Øygarden var LivOGLyst-prosjektet initiativtakar til å ruste opp ei nohengje. Denne er snart ferdigstilt og vert eit verdifullt tilskot til bygda som ungdoms- og aktivitetshus. I Strandstaden Sunde i Kvinnherad, der skipsbyggjartradisjonar og sunnhordalandslitteraturen er ein viktig del av den lokale identiteten, har dei arbeidd med å få rusta opp Sunde Kyst- og Litteratursenter, der desse tradisjonane vil haldast i hevd.

Det som er eit særpreg for alle LivOGLyst-prosjekt er at lokalsamfunnet vert involvert, at innbyggjarar får medverke til den lokale utviklinga og bidra med egne ressursar. Prosjekta nyttar ulike metodar for å vekke

engasjement hos innbyggjarane. Vi ser at dette medverker til å auke bulysta og skape meir aktivitet og tilhørighet lokalt.

Ein ser også ei tett kopling mellom folkehelse og lokalsamfunnsutvikling. To av prosjekta som vart tatt opp i programmet frå 2019, Langevåg i Bømlo og Hetlevik på Askøy har også vore involvert i folkehelseprosjektet «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse» (Nærmiljøprosjektet) som vart avslutta i 2018.

Gjennom Nærmiljøprosjektet arbeidde desse lokalsamfunna særskilt med medverknad frå barn og unge til kommunal planlegging.

Kommunen si rolle er viktig i alt lokalt utviklingsarbeid. Det er ei styrke for LivOGLyst-prosjekta at kommunen er tett kopla på. Erfaringane frå LivOGLyst og Nærmiljøprosjektet viser at det også er ei styrke for kommunen at innbyggjarane frå medverke. I Langevåg i Bømlo der Eidesvik industriar har sin base har dei eit sterkt ønskje om å få fråflyttarar til å kome tilbake når dei skal etablere seg. Her vart det arrangert ein innovasjonscamp med god oppslutning frå alle aldersgrupper. Rådmannen roser innsatsen i eit brev til LivOGLyst-prosjektet: «*Denne campen er eit prosjekt i beste folkehelse regi. Brei deltaking, lav terskel for deltaking, fellesskap og meistring er viktige element i det som gir god folkehelse*».

### Vegen vidare

I Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei til no ikkje hatt tilsvarande langsiktig programsatsing på lokalsamfunnsutvikling og det er stor interesse for LivOGLyst-programmet. Det er eit ønskje å opne for søkjarar frå heile Vestland frå 2019 (prosjektstart 2020). Sogn og Fjordane har uttrykt at dei vil bidra med finansiering til søkjarar frå deira krins ved opptak i år.

Ettersom LivOGLyst er ein metode meir enn eit program krev det kontinuerlig rettleiing og oppfølging av prosjekta. Vi arbeider no med å samordne oss med kollegaer på tvers av fylka slik at ein har kompetanse nærast mogleg lokalsamfunna i alle deler av nye Vestland.

### Oversikt over LivOGLyst-prosjekt frå 2008 til 2019

Årstal (opptak)	Prosjekt (1-årige og 3-årige, assosierte ikkje medrekna)	Kommune
2008	Hålandsdalen	Fusa
2008	Kårbø	Meland
2008	Jondal	Jondal
2008	Espevær 365	Bømlo
2008	Fykkesund	Kvam
2008	Hosanger	Osterøy
2008	Åkra	Kvinnherad
2008	Samnanger	Samnanger
2009	Storebø	Austevoll
2009	Samnanger	Samnanger
2009	Storebø	Austevoll
2009	Bergen-wrap (damsgårdsundet)	Bergen
2009	Røldal	Odda
2010	Espevær	Bømlo
2010	Røldal	Odda
2010	Lonevågen	Osterøy

2010	Fjelberg	Kvinnherad
2010	Eidfjord	Eidfjord
2010	Dynamiske Mosterhavn	Bømlo
2010	Risnes	Radøy
2011	Glesvær	Sund
2011	Strusshamn	Askøy
2011	Lonevågen	Osterøy
2011	Knarvik	Lindås
2011	Springflo Fjell	Fjell
2011	Indre Masfjorden	Masfjorden
2012	Mosterhavn	Bømlo
2012	Jordalen	Voss
2013	Unneland	Bergen
2013	Risneskrinsen	Radøy
2013	Hedleberget	Voss
2013	Ask	Askøy
2013	Litlabø	Stord
2013	Fonnesvågen	Austrheim
2013	Hellesøy	Øygarden
2014	Hellesøy	Øygarden
2014	Litlabø	Stord
2014	Fonnesvågen	Austrheim
2015	Strandstaden Sunde	Kvinnherad
2015	FemFemti	Odda, Ullensvang
2016	FemFemti	Odda, Ullensvang
2016	Nytt liv i hamna	Fedje
2016	Lindåsbygda	Lindås
2016	Strandstaden Sunde	Kvinnherad
2016	Odda	Odda
2016	Eit lite stykke Hardanger	Ullensvang, Eidfjord
2016	Fotlandsvåg	Osterøy
2017	iModalen	Modalen
2017	Kulturbygda Valestrand	Sveio
2017	Herand i omstilling	Jondal
2017	Dugnad for Dale	Vaksdal
2017	Møhlenpris	Bergen
2018	Vindenes	Fjell
2018	Hjelmås	Lindås
2018	Sydneshalvøyen	Bergen
2018	Valestrand	Sveio
2018	Langevåg	Bømlo
2018	Fotlandsvåg	Osterøy
2018	Dale	Vaksdal

2019	Stamnes	Vaksdal
2019	Forland	Sund
2019	Dåfjord	Fitjar
2019	Hetlevik	Askøy
2019	Øystese	Kvam
2019	Hjelmås	Lindås
2019	Langevåg	Bømlo

**Antall prosjekt: 59**

**Antall kommunar: 28**